

Sak	<b>Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi</b>
Høyringsinstans (svarar)	<b>Seksjon for utdanning, Høgskulen i Sogn og Fjordane</b>
Prosess	
<b>Innspel</b>	
<b>Kap 6</b>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Punkt 6.2. Mål og prioriteringar for HVL fram mot 2023  Pkt. 2: Legge til tekst: <i>HVL skal yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling gjennom utdanningar, FOU, innovasjon og formidling av høg internasjonal kvalitet. For å oppnå dette skal HVL etablere gode rammevilkår for <b>utdannings- og forskningsverksemda ved å legge stor vekt på [...].</b></i>  Bakgrunn: Ein må sjå utdanning og forskning saman. Dette gjeld særskilt for internasjonaliseringsarbeidet.</p> <p>Legge til eit Pkt. 2 <b>E</b>: å etablere gode støttesystem for internasjonalt utdanningssamarbeid, inklusive ekstern finansiering nasjonalt og internasjonalt.</p> <p>Legge til eit Pkt. 3 <b>F</b>: å utvikle gode ordningar for internasjonalisering og formelle avtaler for studentutveksling i alle utdanningssamarbeid (jfr. Studietilsynsforskrifta pkt. 8 og 9).</p> <p>Bakgrunn: KD og UD har gjennom SIU og NORAD lansert ei rekkje program for internasjonalt utdanningssamarbeid som det er stor konkurranse om blant norske høgskular og universitet. Desse kjem i tillegg til EU sitt program for internasjonalt utdanningssamarbeid; Erasmus+. Det er viktig at HVL utarbeidar strategiar og tiltak som legg til rette for at fagmiljø og studentar kan delta i desse ordningane.</p>
<b>Andre merknader</b>	<p>Kommenter ut frå egne behov</p> <p>Seksjon for utdanning vil kommentera på generelt grunnlag at rapporten adresserar i liten grad adresserar internasjonalt utdanningssamarbeid og koplinga mellom forskning og utdanning i internasjonaliseringsarbeidet.</p> <p>Kapittel 1:  Punkt 1.5: Her er det ynskjeleg at det vert inkludert representasjon frå rådgjevarar innan internasjonalisering ved HVL i arbeidsgruppa som skal lage ein plan for realisering av universitetsambisjonen (mandatsområde 9).</p> <p>Bakgrunn: Internasjonalisering er eitt av kriteria for å verte akkreditert som universitet. Tilsette med internasjonalisering som arbeidsområde har oversikt og inngåande kjennskap til alle delar av internasjonaliseringsarbeidet ved høgskulane. Det er viktig at denne kompetansen vert nytta for å kunne innlemme informasjon og kunnskap som vil vera avgjerande for søknaden.</p> <p>Innspel til Vedlegg 1: Universitetsambisjon 2023:</p>

Grappa har fått i oppdrag å gi ein oversikt over kriteria som gjeld for at HVL skal verte akkreditert som universitet, men kriteria knytt til internasjonalisering er ikkje kommentert. I forslag til ny forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgare utdanning (*Studietilsynsforskriften*) er krava til internasjonalisering innskjerpa. Dette bør adresserast i sjølve delprosjektet og vera gjennomgåande i dokumentet.

Internasjonalisering omfattar både utdannings- og forskingssamarbeid og inkluderer mellom anna studentmobilitet i alle syklusar, tilsettmobilitet for både forskarar og administrative, eksterntfinansierte utdannings- og forskingsprosjekt, samarbeid om studieprogram og internasjonalisering heime og må sjåast som eit verktøy for å realisera institusjonens øvrige mål. Kunnskapsdepartementet har internasjonalisering som viktige premisser både når det gjeld krav til akkreditering av studieprogram for alle syklusar og for å oppnå universitetsstatus. HVL må svare på både kvantitative mål (studentmobilitet, engelskspråklege grads- og emneprogram, eksternt finansierte internasjonale prosjekt, særskilt innan Erasmus+ og Horisont2020 og så bortetter) og syne til høg kvalitet i institusjonen sitt internasjonale utdannings- og forskingssamarbeid. Ein internasjonaliseringsstrategi knytt til universitetsmålsetjinga må adressera desse områda og korleis dei skal sjåast i samanheng for å gje synergjar. Me viser til at HiOA har i sitt arbeid med å oppnå universitetsstatus oppretta eit eige *Prosjekt Internasjonalisering*.